

Dato: 05.09.2024

## Møte i samarbeidsutvalet 3/9-24.

Tilstades:

Kristian Hognestad, FAU  
John Sægrov Holm, FAU  
Hanna Aase Undheim, tilsett  
Kjetil Hustoft, politikar  
Lilja Garborg Horpestad, elev  
Jonas Lomeland, elev  
Jens Garborg Horpestad, elev  
Ingveig Nærland Ødegård, rektor

Kristin Sando, tilsett, kunne ikkje møta.

Sak 1. Konstituering. Kort presentasjon av mandat, årshjul og oppgåver til SU. SU blir leia av rektor. Sekretær: Kristin Sando.

Sak 2. Kort gjennomgang av ny opplæringslov kap 10.

Sak 3. Datoar for SU skuleåret 24/25 blir 3.september, 27.oktober, 22.februar og 29.april. Datoar kan bli endra i løpet av året.

Sak 4. Utviklingsplanen. Skulen fortset med den same utviklingsplanen med fokus på engelsk, motivasjon og språkbruk. Utviklingsplanen ligg på skulen si heimeside.

Hognestad skule bruker i år den digitale plattforma Skolestudio. Skulen har prøvd ulike digitale plattformer og har nå landa på Skolestudio. Dette er til god hjelp når trinn går saman og enklare å differensiera.

Klassetrivsel. Skulen skal starta opp med ein “veke-sjekk”, der elevane skal svare på enkle spørsmål om korleis dei har det. Det er fordi at elevane skal få ein plattform dei kan seie i frå om dei treng nokon å snakke med.

Elevmedverknad er også eit av satsingsområda i utviklingsplanen.

Språkbruk har vore ei utfordring på skulen, dette arbeider skulen med. Elevane synes at språkbruken varierer i forhold til kva for ein voksen/lærer som er i nærleiken.

Ny regel om mobilbruk. Om ein elev har med seg mobil eller mobilklokke må dei ligga avskrudd i sekken til skuledagen er over. Dette har ikkje vore ei utfordring på Hognestad skule.

Sak 5. Trafikksikkerheitsplan. SU/Hognestad skule skal ha ein trafikksikkerheitsplan. Målet er at alle skal vera trygge i trafikken. Det er framleis utfordringar med trafikkfarleg veg. Me går gjennom planen. Ingveig legg denne ut på heimesida. John tek kontakt i forhold til tre og kryss opp mot golfbanen. Mål om å få det meir oversiktleg.

Dersom det er firmabilar som køyrer for fort forbi skulen bør SU meldt i frå til firma om dette.

Sak 6. Anna  
Ikkje noko å meldt.

Ref. Hanna Aase Undheim